



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	08.04.2024	043/24

Forskrift om skuleregler for grunnskulane i Giske kommune

Innstilling:

1. Giske Formannskap legg forslag til Forskrift om skuleregler for grunnskulane i Giske kommune ut på offentleg høyring.
2. Høyringsforslaget blir sendt direkte til ungdomsrådet i Giske kommune, FAU/KFU, samt til dei enkelte skulane med oppmading om å gje innspel.
3. Høyringsinnspele blir vurderte, og endeleg forslag til forskrift om skuleregler blir lagt fram for Livsløpsutvalet i mai og for Giske Kommunestyre 13. juni 2024.

08.04.2024 Giske formannskap

Innstillinga vart samråystes godkjend.

F - 043/24 Vedtak:

1. Giske Formannskap legg forslag til Forskrift om skuleregler for grunnskulane i Giske kommune ut på offentleg høyring.
2. Høyringsforslaget blir sendt direkte til ungdomsrådet i Giske kommune, FAU/KFU, samt til dei enkelte skulane med oppmading om å gje innspel.
3. Høyringsinnspele blir vurderte, og endeleg forslag til forskrift om skuleregler blir lagt fram for Livsløpsutvalet i mai og for Giske Kommunestyre 13. juni 2024.

Vedlegg

Forskrift om skuleregler for grunnskulaen i Giske kommune
Forskrift om ordensreglement for Giske kommune

Innleiing:

Ny opplæringslov er vedteken av Stortinget og blir gjort gjeldande frå 01.08.2024

§ 10-7 i den nye opplæringslova krev at kommunane fastsett lokal forskrift om skulereglar.

Forslaget som ligg ved er utarbeidd på bakgrunn av den nye lova, råd frå

Utdanningsdirektoratet gjeldande mobiltelefonar og smartklomt det vi tidlegare komtalte som ordensreglar.

Høyringa vil legge til rette for medverknad frå barn, unge og føresette. Tiillitsvalde, tilsette og alle innbyggjarane i kommunen vil også kunne kome med innspel.

Saksutgreiing:

Ny opplæringslov er gjeldande frå 01.08.2024 medan forskrift til den nye opplæringslova har vore ute til høyring nyleg og er difor ikkje heilt ferdigstilt. Det kan skje at forskrifta til ny opplæringslov fordrar justering av områder i Giske kommune si forskrift om skulereglar, i så fall vil det bli innarbeida før vedtak i Kommunestyret 13. juni 2024.

Opplæringslova § 10-7 Skulereglar pålegg kommunane å gi forskrift om skulereglar:

"Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om organisering av skoledemokratiet og om rettar og plikter for elevane, mellom anna om orden og oppførsel (skulereglar). Kommunen og fylkeskommunen kan i slike skulereglar angi kva tiltak som kan brukast når elevar bryt skolereglane, og korleis slike saker skal behandlast."

Giske kommune må ha ei felles forskrift om skulereglar for grunnskulane våre. Den nye forskrifta vil vere overordna dei lokale ordensreglane som er på den enkelte skule per i dag. Lokale skulereglar kan utarbeidast gjennom å ta utgangspunkt i denne forskrifta.

Skulereglane skal, saman med krava i Opplæringslova § 12 danne grunnlaget for elevane sin trivsel og korleis skulane ivaretak retten til eit trygt og godt skolemiljø. Skulereglane kan bidra til å få eit meir velfungerande skulesamfunn gjennom å ramme inn kva vi forstår med alminneleg god oppførsel, den oppførselen som bidrar til eit trygt og godt skolemiljø for alle. Reglar om korleis elevane skal ha det, kva elevane kan og ikkje kan gjere på skulen og kva som skjer dersom reglane vert brote, er meint å skulle støtte elevar, tilsette og føresette i å byggje gode, trygge læringsmiljø for og saman med elevane våre.

Den nye lova opplæringslova fordrar også at skoledemokratiet blir forankra i skulereglane seier dette om organiseringa av skoledemokratiet (Opplæringslova § 10-5):

"Kvar grunnskole og vidaregåande skole skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skolen. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte. Kvar grunnskole skal ha eit arbeidsutval som er valt av foreldra på skolen. Foreldra kan velje å organisere seg på andre måtar. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at det blir fastsett kva for andre brukarorgan skulane skal ha. Elevane og foreldra skal vere representerte i organ ved grunnskula, og elevane skal vere representerte i organ ved vidaregåande skular. Representantar for elevane i den vidaregåande opplæringa har møte- og talerett i fylkeskommunale nemnder på same måten som dei tilsette har etter kommuneloven § 13-4."

Høyring:

Alle forskrifter skal leggast ut til offentleg høyring gjennom kommunen si heimeside.

Kommunedirektøren vil spesielt sjå til at elevråda ved den enkelte skule blir involvert, det same gjeld ungdomsrådet. Samarbeidsutvalg og foreldreutvalg på skulane, samt KFU vil også vere sentrale for innspel. Alle innspel frå denne prosessen og frå høyringa vil vere tilgjengeleg ved ny behandling av saka.

Heimelsgrunnlaget:

Opplæringslova §§ 10 -13.

[Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Kapittel 10 Det beste for eleven, medverknad, skoledemokrati, foreldresamarbeid, skoleregler og p... - Lovdata](#)

Vurdering:

Visjonen for ein oppvekst i Giske kommune er "*Det var bra eg kom*", basert på erfaringane vi ynskjer barn og unge skal ha gjennom skulekvardagen. Det ligg mykje støtte i ei tydeleg forventning og Forskrift om skuleregler er vurdert til å skulle støtte aktørane i og rundt skulesamfunnet til å kunne utvikle trygge og gode skolemiljø med tydelege forventningar, reglar og konsekvensar. Forskrifta gir eit tydeleg signal om korleis Giske-elevane skal erfare skulekvardagen sin.

Kommunedirektøren legg til grunn at Forskrifta gir eit godt grunnlag for å vurdere elevane sin orden og oppførsel, samt at den gir klare føringar på korleis skuledemokratiet skal ivaretakast. Forskrifta vil også kunne vere stillas for den sosiale læringa skulen som samfunnsbyggjar skal bidra med.

Juridiske konsekvensar:

Forskrifta vil gjelde for grunnskulane i Giske kommune.

Tilknyting til kommuneplan:

Førebygge utanforskning gjennom medvirkning, forventningar og reglar.

Kvalitetsplan for oppvekst "Det var bra eg kom".

FN sine berekraftsmål:

SYMBOL	TITTEL	DENNE SAKA SI TILKNYTING
 3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET	GOD HELSE	Trygt og godt skolemiljø
 4 GOD UTDANNING	GOD UTDANNING	

Kommunedirektøren sin konklusjon:

Kommunedirektøren vurderer at dette utkastet til *Forskrift om skuleregler i Giske kommune* er bygd på lovkrava i den nye opplæringslova, samt dei anbefalingane som no ligg føre.